

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 34/2004

Møtedato: 14.6.04

Arkiv nr: S 705

S 705, Sørre Trøllhøvd – tilbygg på sel og oppføring av uthus

Astrid og Olav Bråten søker om å føre opp eit tilbygg på 35 m² på eksisterande sel som frå før er på 16 m². Det gamle fjøset ynskjer dei å fjerne og erstatte med eit uthus i tømmer med same storleik (20 m²).

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog har ingen merknader til søknaden.

VEDTAK:

Fjellstyret finn at det er behov for dei omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Vedtaket er einstemmig .

Hilde Berge og Kari Tyldum deltok ikkje i behandling av søknaden.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.6.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Astrid og Olav Bråten
Statskog
Vestre Slidre kommune LNT